



NYTT FRÅ NYE ØYGARDEN KOMMUNE

Oppsummering 1. halvår 2019

Forventar godt resultat for brukarane

I midten av januar samla prosjektrådmann Rune Lid nærare 60 deltakarar på arbeidsverkstad på Panorama Hotell & Resort. Prosjektrådmannen gav uttrykk for at han hadde stor tru på at arbeidet i dei fem hovudprosjekta og dei mange delprosjekta ville gje gode resultat.

- Eg kjenner ikkje til innhaldet i det delprosjekta arbeider med no. Eg er spent på resultatet, og eg forventar at mandata er svarte på og at resultatata for brukarane er gode når eg får overlevert rapportane, sa Lid då han innleia på arbeidsverkstaden.

Felles kommunestyre



Den 17. januar var dei tre kommunestyra i Sund, Fjell og Øygarden samla til felles kommunestyre. Tema på møtet var økonomi, klimaomstilling og kommuneplanarbeid.

Prosjektrådmann Rune Lid gjorde

medlemene i dei tre kommunestyra merksame på at den nye kommunen står framfor store økonomiske utfordringar i arbeidet med å få økonomien i balanse. Dei tre kommunane har i dag oppunder tre milliardar kroner i omsetnad. Prognosane for dei næraste åra er at Nye Øygarden kommune går mot negativt netto driftsresultat frå 2020.

Publiserte rapportar

Rapportane frå dei fem hovudprosjekta og dei om lag 35 delprosjektrapportane vart publiserte 31. januar. Den 28. januar leverte dei fem hovudprosjekta rapportane sine etter konseptfasen, mellom anna basert på rapportar frå oppretta delprosjekt. Prosjektrådmann Rune Lid var godt nøgd med det arbeidet som er gjort og nyttar høvet til å takka alle deltakarane for godt arbeid - I konseptfasen har deltakarane i delprosjekta og hovudprosjekta gjort eit godt og omfattande arbeid, sa Lid.

Marianne Sandahl Bjorøy har teke over som leiar av fellesnemnda

Den 1. februar overtok Fjell-ordførar, Marianne Sandahl Bjorøy, vervet som leiar av fellesnemnda. Marianne Sandahl Bjorøy skal leia fellesnemnda fram til kommunevalet i september.

- No går vi inn den siste fasen av arbeidet med å byggja ein ny kommune. Oppgåvene er mange og krevjande, og no er det viktig at alle står saman og arbeider mot det same målet, nemleg Nye Øygarden kommune, sa Sandahl Bjorøy då ho overtok stafettpinnen.



Treng avklaring om renovasjon

På møtet i fellesnemnda den 11. februar vart det vedteke at det skal gjennomførast avklaringsrundar med BIR AS (renovasjonsselskap i bergensområdet) før det vert gjort endeleg vedtak om renovasjonsleverandør. Avklaringsrundane vil synleggjera nødvendige føresetnader, premissar og konsekvensar.

Stor interesse for å strikka Øygardsgenseren i alle kommunane



kan strikka genseren, (foto: Ingunn Teigen).

Det var godt oppmøte på strikkekaféane i biblioteka både Sund, Fjell og Øygarden 19. - 21. februar. Det var Sotra Husflidslag som inviterte til kaffi, prat og strikking av Øygardsgenseren. Det er laga til mønster for både liten, medium og stor, med både dame- og herremodell. Mary-Ann Foldnes Fiske har utforma Øygardsgenseren. Biletet er frå strikkekaféen i Øygarden der leiar i Sotra Husflidslag viser ordførar Børge Haugetun korleis også han

Kommunalsjefar på Skjenet

Fleire av dei tilsette kommunalsjefane var på plass på Skjenet i februar. Kommunalsjef for Oppvekst Anne-Merete Vabø Haugane tok til i jobben sin på Skjenet den 1. februar. Kommunalsjef for Helse og velferd, Line Barmen, og kommunalsjef for Kultur og samfunn, Råmund Skjold, jobba på dette tidspunktet delvis på Skjenet og delvis i stillingane sine i Fjell og Øygarden kommunar. Kommunalsjef for Organisasjon og digitalisering, Sissel Iren Nesse, starta opp i stillinga si den 11. mars.

Fellesnemnda i mars: Brei semje om administrativ organisering

Prosjektrådmann Rune Lid fekk solid støtte då saka om administrativ organisering av Nye Øygarden kommune stod på sakskartet i fellesnemnda den 11. mars.

Fellesnemnda drøfta dokumentet «Organisering av Nye Øygarden kommune» og tok utgreiinga til orientering. Fellesnemnda viste til sak i fellesnemnda av 18. juni i fjor der det vart gjeve fullmakt til prosjektrådmannen med å byggja opp organisasjonen i samsvar med måla i intensjonsavtalen og andre vedtak i fellesnemnda. I vedtaket heiter det også at prosjektrådmannen vert beden om å sikra framdrift i det vidare arbeidet med etablering av Nye Øygarden kommune.



Undersøker marknaden for pensjonsleveranse

Fellesnemnda vedtok den 8. april at det skal gjennomførast ei intensjonskunngjering for å få klarlagt om det kan gjerast ei direkte anskaffing i Kommunal Landspensjonskasse (KLP) eller om val av pensjonsløyising må ut på anbod. Dersom det berre er éin leverandør av slike tenester, kan det gjerast direkte anskaffing utan anbod, det vil seia KLP. Dersom det er fleire likeverdige tilbydarar, må det gjennomførast anbod.

Lanserte felles kystpass

Rundt 60 personar hadde funne vegen til Stranda skule og Gitaren den 11. april. Ordførar i Sund, Kari-Anne Landro erklærte lanseringa av det felles kystpasset. Dette er første gongen at dei tre kommunane står saman om felles kystpass og totalt 30 turmål. Kystpasset er eit turhefte med til saman 30 turar frå nord til sør i kommunane Fjell, Sund og Øygarden. Her finn du mange flotte turopplevingar og nye løyper for store og små, med ulik vanskegrad.



Vil engasjera elevane for Nye Øygarden kommune

Den 24. april var 90 elevrådsrepresentantar og vaksenkontaktar på alle skulane i Sund, Fjell og Øygarden samla på Fjell rådhus for å inspirera kvarandre til engasjement for den nye kommunen. Samlinga var startskotet for tiltaket Elev i Nye Øygarden. Ei arbeidsgruppe sett saman av pedagogar og elevrådsrepresentantar har utarbeidd undervisningsopplegg i fleire fag for hausten 2019 der eit gjennomgåande tema er framtida i den nye kommunen.



Tilsetjing i leiarstillingar Nye Øygarden kommune

Den 8. mai vart det gjort kjent kven som hadde fått tilbod om leiarstillingar i Nye Øygarden kommune. Fem tilsetjingsutval gjorde tilsetjing i 29 stillingar som assisterande kommunalsjefar, einingsleiarar og leiarar av stab i Nye Øygarden kommune. For fire stillingar vart det ikkje gjort tilsetjing i denne runden.

Fellesnemnda: Krevjande økonomi

Dei tre kommunane i vest skal laga ein økonomisk prognose for årsresultatet for 2019. Dette vert lagt fram på ein budsjettkonferanse i juni. Det vedtok fellesnemnda den 13. mai. Elles godkjende fellesnemnda endring av 58 adressenamn i Sund, Fjell og Øygarden som følgje av kommunesamanslåinga. Fellesnemnda valde Tom Jørgensen Design AS som leverandør for nytt ordførarkjede for Øygarden kommune 2020.

Startar arbeidet med å innplassera tilsette

Den 24. mai vart det sendt ut eit informasjonsskriv til alle tilsette i Sund, Fjell og Øygarden med informasjon om arbeidet med å innplassera dei tilsette i dei tre kommunane i Nye Øygarden kommune. Dei tilsette som vert direkte berørte av ny organisering skal kompetansekartleggjast og ha ein individuell samtale med næraste leiar i dagens kommunar. Dette skulle vera gjennomført innan 7. juni. Etter planen skulle alle tilsette i dei tre kommunane vera innplasserte i Nye Øygarden kommune innan 21. juni.

Dette er kommunalsjefen for Økonomi



Anne Erdal (54) tok til i stillinga som kommunalsjef for Økonomi i Nye Øygarden kommune den 1. juni. Erdal kjem frå stillinga som kommunalsjef økonomi i Ullensvang herad og bur i Odda. Før det var ho økonomisjef i Odda kommune i 11 år. Ho er utdanna siviløkonom frå Norges Handelshøyskole. Med denne tilsetjinga var alle den fem kommunalsjefane i Nye Øygarden på plass frå juni.

Organisering av Nye Øygarden kommune

Tidleg i juni konkluderte leiinga i Nye Øygarden kommune med korleis den Nye Øygarden kommune skal organiserast administrativt. Organisasjonsstrukturen viser korleis einingar og stabar skal organiserast på nivå to innan kvart kommunalsjefområde. Dei grå boksane, som er illustrerte i organisasjonskarta, er å rekna som førebelse og indikerer oppgåver.

Mange saker i fellesnemnda i juni



Fellesnemnda hadde heildagsmøte den 17. juni og behandla mange saker. Her er nokre av vedtaka:

- FjellVAR AS (ØyVAR) skal vera renovasjonsleverandør for den nye kommunen frå 2020.
- Fellesnemnda gav prosjektrådmannen fullmakt til å forskottera delvis bruk av reformstøtta på 25,6 millionar kroner dersom det vert behov for det for å sikra gjennomføring og framdrift i arbeidet med å byggja den nye kommunen.
- Fellesnemnda godkjende framlegget til etiske retningslinjer.
- Når det gjeld drøftingssaka om lokalisering av administrative og tenesteproduserande einingar, vedtok fellesnemnda at det skal leggjast fram ei eiga sak til fellesnemnda før vedtak når det gjeld tenester som skal vera sikra i lokale servicesenter.
- Fellesnemnda tok saka om anbudsprosess på forsikra løysing for pensjon i Nye Øygarden kommune til orientering. Det skal gjennomførast ein anbuds konkurranse. Når anbudet er gjennomført, vert det klart kven som skal overta etter Fjell kommunale pensjonskasse og eventuelt KLP. Det vart vedteke at vektinga i anbudet skal vera 55 prosent pris og 45 prosent kvalitet.



Besøk av statsråd Monica Mæland

Kommunal- og moderniseringsminister møtte den administrative og politiske leiinga i Nye Øygarden kommune den 24. juni. Ho fekk informasjon om arbeidet med å byggja den nye kommunen. Til stades på møtet var prosjektrådmann Rune Lid, ordførar i Sund, Kari-Anne Landro, ordførar i Øygarden, Børge Haugetun, og fungerande ordførar i Fjell, Tom Georg Indrevik.

Tilsetjing i Nye Øygarden kommune

Den 21. juni og dagane etter fekk alle fast tilsette i Sund, Fjell og Øygarden tilsendt informasjon frå prosjektet Nye Øygarden kommune om innplassering i stillingar i den nye kommunen.

Informasjonen vart sendt digitalt. Dei som ikkje har Digipost/Altinn eller ikkje opna brevet digitalt, fekk brevet i postkassen nokre dagar seinare. Tilsette i uberørte funksjonar har fått brev om overføring av eksisterande stilling til ny arbeidsgjevar, og tilsette i berørte funksjonar har fått tilbod om innplassering i eining/stabsavdeling eller tilbod om stilling i ressursgruppe.